



TEMAMØTE OM AVLØP 28.11.2018

REFERAT

28.11.2018 kl 10 – 13:15

Stad: Nordfjordeid, Scandic Nordfjord hotell

Til stades:

Kommune / embete	Namn, stilling
Selje	Kristian Nave, leiar for plan og utvikling
Bremanger	Magnhild Myklebust, leiar for plan og forvaltning
Vågsøy	Odd-Robert Solvåg, tenesteleiar for drift og anlegg Yngve Morvik Hjertenes, VA-ingeniør
Eid	Stanislawa Voldsund, rådgjevar skog og miljø
Gloppen	Per Ove Fosshem, einingsleiar kommunal teknikk
Stryn	Jan Flore, kommunalsjef teknisk avdelingløk Kolbjørn Nilsen, avdelingsleiar for byggesak, Odd Rønningen, miljøvernleiar
Fylkesmannen	John Anton Gladsø, seniorrådgjevar, fisk og vassdrag
Fylkeskommunen	Susan Solbrå, rådgjevar vassforvaltning Staffan Hjohlman, vassområdekoordinator

Sak 1-2018 Fylkesprosjektet om ureining frå avløp

Orientering v/ Susan Solbrå, Sogn og Fjordane fylkeskommune.

På møtet i Nordfjord vassområdeutal 10. april i år, orienterte fylkeskommunen v/ Susan Solbrå om eit fylkesprosjekt om ureining frå avløp. Eit forprosjekt er utført i 2018, som resulterte i ei førebels prioritering av avløpsanlegg. Resultatet vart sendt til kommunane 11. juni med invitasjon til å kome med kommentarar. Det har kome få svar, men det er framleis ønskeleg med tilbakemeldingar frå kommunane.

Fylkesmannen har fått innvilga 500 000 kr frå Miljødirektoratet til å vidareføre prosjektet. Fylkeskommunen bidrar med 100 000 kr i tillegg. Fylkesmannen er prosjekteigar, men Fylkeskommunen samarbeider med Fylkesmannen om å leige konsulent til arbeidet. Oppdraget er mellom anna at konsulenten skal kontakte kommunane for å kvalitetssikre anslag på påverknadsgrad frå avløp, og drøfte utfordringar med å handheve regelverket i ureiningsforskrifta kap 12 og 13.

Fylkesmannen v/ John A. Gladsø viste til bakgrunnen for prosjektet, at det er mangelfull kunnskap i databasen vann-nett om utslepp frå spreidde avløp og påverknad på økologisk tilstand i vassdraga. Fylkesmannen oppfordrar kommunane om å melde inn eventuelle feil og manglar som ein oppdagar i vann-nett.

Anskaffing av konsulentteneste

Tenesta har ei ramme på 600 000.

Temamøte avløp, Nordfjord vassområde 28.11.2018 - Referat

Side 1 (av 3)

Nordfjord vassområde



Invitasjon er sendt følgjande:

- Asplan Viak v/ Anders Yri
- Norconsult
- NIBIO
- COWI
- Multiconsult
- DISFVA (Driftsassistansen for kommunar i Sogn og Fjordane vatn og avløp) v/ Tobias Dahle
- DIHVA (Driftsassistansen for kommunar i Hordaland vatn og avløp) v/ Erling Heggøy

Vedlegg: Skildring av konsulentoppdrag avløp

Innspel på møtet:

- Forprosjektet med digitalisering av avløp og førebels vurdering av påverknad på vassdrag vil vere til stor hjelp for kommunane.
- Det kom nokre konkrete innspel på hyttefelt og område med bustadar: Bøasætra/Tonningsætra og Strynevatnet i Stryn, Breimslia i Gloppen. Fylkeskommunen ønskjer å spele inn dette til konsulenten.
- Stryn kommune planlegger å lage hovudplan for avløp i 2019. Fylkeskommunen håpar at fylkesprosjektet kan vere eit godt innspel. Fylkeskommunen oppfordrar til ikkje å la fylkesprosjektet forseinke prosessen.
- Kommunane vart oppfordra om å svare på epost med førebels prioritering av anlegg, som vart sendt frå Susan Solbrå 11. juni. Der er shape-filar til opplasting til digitale kart. Opplysningar om anlegg som er eller vil bli tilknytt kommunalt avløp, og innspel til vurdering av ureiningsfare kan spelast inn til konsulenten når prosjektet kjem i gang, eventuelt til Susan Solbrå.
- Prosjektet er avhengig av at kommunane bidrar med lokalkunnskap og data og svarer på spørsmål frå konsulenten som blir leigd inn av fylkeskommunen. På spørsmål vart det presisert at kommunane i utgangspunktet ikkje skal bidra økonomisk til prosjektet.
- Kommunane meldte i møtet inn følgjande kontaktpersonar for konsulentoppdraget:
 - Stryn: Jan Flore
 - Vågsøy: Yngve Hjertenes
 - Eid: Stanislawa Voldsund (private anlegg) og Tore Nyhammer Taklo (kommunale avløp)
 - Selje: Finnur Kristinson
 - Gloppen: Per Ove Fossheim
 - Bremanger: Magnhild Myklebust
- Det var stemning i møtet for at opsjonen til del 1 blir gjennomført med støtte frå vassområdets midlar, mellom anna inspeksjon/kontroll av 5 anlegg i tilknytning til ein vassførekomst per kommune. Vassområdets midlar kjem frå årlege innbetalingar frå fylkeskommunen, Fylkesmannen og kommunane, jamfør tidlegare vedtak i kommunane og prosjektplanen for Nordfjord vassområde.
- Fleire av kommunane hadde konkrete innspel på vassførekomstar der ein ønskjer kontroll av 5 anlegg. Stryn: Hildeelva/Floelva. Gloppen: Myklebustdalen. Vågsøy: Refvikelva.
- Før ein set inn avløpstiltak må ein sjå på det totale påverknadsbildet, inkludert jordbruk med meir.
- Vågsøy har danna politisk gruppe for å sjå på tiltak mot ureining av Måløy hamn. Dette kunne vere ein kandidat til utgreiing av i kor stor grad avløp påverkar kystvatn, og kan spelast inn i fylkesprosjektet.

Nordfjord vassområde



Sak 2-2018 Dataflyt frå slamtømar til kommunane

Får kommunane nødvendige data frå Norva24 til å følgje opp spreidde avløp? Er data i eit format som eignar seg til rasjonell oppfølging?

Kommunane får årlege lister frå slamtømmefirma med feil og manglar. Det kom ikkje klart fram om dataene lar seg importere i kommunane sine saksbehandlingssystem (KOMTEK m.m.). Sjølv om ein skulle få data inn automatisk i KOMTEK, er det mykje manuell handtering med arkivering, brev osv. i samband med oppfølginga av manglar ved anlegga. Kapasitet hos sakshandsamarar er ei utfordring ved oppfølginga.

Gløppen kommune har sendt brev til mellom 60 og 70 anleggseigarar for å gjere merksam på etterprøvbare feil og manglar rapportert av slamtømar, og oppmoda til betring. Også andre kommunar i vassområdet følgjer ein slik praksis. Det vil krevje ressurs å følgje opp, men eit konkret og bra tiltak.

Sak 3-2018 Tilskot til vassmiljøtiltak

Orientering om tilskotsordning hos Miljødirektoratet / Fylkesmannen, søknadsfrist 15.01. Det kom ikkje innspel på tema/prosjekt. Saka blir tatt opp med prosjektgruppa for Nordfjord vassområde i møte seinare same dag. Om kommunane søker direkte er det fint om vassområdekoordinator vert orientert.

Sak 4-2018 Revidering av regional plan for vassforvaltning 2022-2027

Regional plan for vassforvaltning 2016 - 2022 for Sogn og Fjordane vassregion skal oppdaterast. Oppdatert vassforvaltningsplan skal gjelde for perioden 2022 -2027.

Vassområdekoordinator orienterte om gangen i denne prosessen. Gruppa skal spesielt sjå nærare på:

- Planprogrammet
 - samansetjing av vassområdeutvalet og vassregionutvalet
 - medverknad
 - konsekvensar av kommunesamanslåingar
- Hovudutfordringar i vassområde Indre Sogn (enkelt førsteutkast blir presentert på møtet)
 - Kvalitetssikring av datagrunnlaget henta frå Vann-nett (påverknadsgrad, miljøtilstand, m.m.)

For meir informasjon om revideringa av Regional plan for vassforvaltning og kommunane sine oppgåver i samband med denne – sjå vedlagt brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 25.10.2018 *Orientering om prosessen med å oppdatere Regional plan for vassforvaltning.*

Ei viktig oppgåve for vassområdet og kommunane i 2019 blir å lage innspel til revidert tiltaksprogram.

Staffan Hjøhlman / Susan Solbrå
ref.

Vedlegg: 1. Skildring av konsulentoppdrag avløp
2. Orientering om prosessen med å oppdatere Regional plan for vassforvaltning

Temamøte avløp, Nordfjord vassområde 28.11.2018 - Referat

Side 3 (av 3)

Postadr.:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sandane senter
Krånavegen 5, 3. etg
6823 Sandane

Telefon:
90 40 26 61

E post:
staffan.hjohlman@sfj.no